

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.11.2020
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Brita Mauritzen Næss
SAKA GJELD: **Resertifisering ISO 14001:2015 Ytre miljø**

ARKIVSAK: 2019/7069
STYRESAK: 131/20

STYREMØTE: 09.12. 2020

Administrerende direktør si orientering pkt. 8

.....

Helse Vest RHF blei i november re-sertifisert for 3 nye år etter ISO 14001, som er den internasjonale standarden for miljøstyring. Helse Vest RHF blei første gang sertifisert den 3. desember 2014.

Kiwa Teknologiske Institutt Sertifisering as gjennomførte re-sertifiseringa og fann ingen avvik eller observasjonar.

I tilbakemeldinga nemner likevel Kiwa at måla på området (miljøbevisste medarbeidarar og stille krav til kontinuerleg forbetring av miljøprestasjonen i helseføretaka) med fordel kunne vore meir konkret og målbare slik at ein kan vise til konkrete resultat i arbeidet.

Dei siste åra har fokus på miljø endra seg frå å handle om papirbruk, flyreiser og sortering av avfall, til å bli ein meir integrert del av leiinga av verksemda. Mål for området skal sjåast i samanheng med internasjonale og nasjonale plikter som FN sine mål om berekraft og klimamål i Paris-avtalen om å redusere samla Co2 utslepp.

Helse Vest RHF vil jobbe for at ein utviklar gode indikatorar på miljøområdet som også gjer det mogleg å sette meir konkrete og målbare mål, og å kunne vere en leiande aktør på miljøområdet.